

PROTOKOLL FRA STYREMØTE NR. 1 - 2026 I Skjåk IL

Styremøte nr. 1 halde fysisk den 29/1-26 kl 19.30 – 21.30 på Skjåk Almenning

Til stade frå styret: Gregor Ingar Gjerdet, Kathrine Brandsar, Merete Dagsgard, Stine Leirmo, Kjell Erik Galde

Meldt forfall: ingen

Også til stades: Dagleg leiar Elin Stasviken Sperstad

Referent: Merete Dagsgard

Protokollfører: Elin Stasviken Sperstad

Styreleiar opna styremøte kl 19.30

Det vart ikkje fremma innvendingar til innkallinga eller sakslista

Møtet var vedtaksført.

Sakliste

Vedtakssaker:

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2: Godkjenning og signering av referat protokoll frå møte nr. 8 - 2025

Sak 4: Søkningar Idrettstipend

Sak 5: Vatn og strøm til pumptracken

Sak 6: Skal vi fortsatt vera medlem i skiskytterforbundet?

Sak 7: Om nei på sak 6: kva gjer vi med våpnene?

Sak 8: Vedta ny lovnorm (Oppdatert 21.01.26)

Sak 9: Sette dato for årsmøtet

Sak 10: Løn til kontrollkomité?

Sak 11: Pris på utleie/utlån av høgtalarar/hengar

Sak 12: Skal lønna til hans og dagleg leiar regulerast frå 1.januar?

Sak 13: Kan styremedlemmar sitte berre eitt år?

Sak 14: Eventuelt

Orienteringssaker:

Punkt 3: Orientering frå dagleg leiar

Orienteringssaker

Punkt 3: Orientering frå dagleg leiar

O-sak 1: Håndball i Lom

O-sak 2: Fotball samarbeid med Lom

O-sak 3: Oppdragsbekreftelse Nordplan pumptrack

Styret tok orienteringane til etterretning.

Vedtakssaker

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Gregor innleda til saken.

Vedtak: Godkjent

Sak 2: Godkjenning og signering av referat og protokoll frå møte nr. 8 – 2025

Gregor innleda til saken.

Vedtak: Godkjent og signert

Sak 4: Søknadar Idrettstipend

Gregor innleda til saken

Det har komme inn 7 søknadar om Idrettstipend.

Vedtak: sjå referat for kven som fekk tildeling og kven som fekk avslag

Sak 5: Vatn og strøm til pumptracken

Gregor innleda til saken

Står styret bak å kunne søke etter pengar til å få vatn og strøm bort til pumptracken, og å bygge eit lite hus på nokre få kvadrat til dette og til å oppbevare litt utstyr?

Vedtak: Enstemmig ja; det kan søkast pengar til dette.

Sak 6: Skal vi fortsatt vera medlem i Skiskytterforbundet?

Gregor innleda til saken

Om vi skal melde oss ut, må dette opp for årsmøtet i mars.

Vedtak: Enstemmig nei, styret ynskjer at vi skal melde oss ut.

Sak 7: Om nei på sak 6: kva gjer vi med våpnene?

Gregor innleda til saken

Idrettslaget har tre skiskyttervåpen og ein startpistol

Vedtak: vi høyrer med Skjåk Skyttarlag om dei vil oppbevare skiskyttervåpnene. DL kjøper eit lite skåp til startpistolen og monterer det i eigen kjellar.

Sak 8: Vedta ny Lovnorm (oppdatert 21.01.2026)

Elin innleda til saken

Lovnormen er som før, men med moglegheit til å endre antal varamedlemmar i hovedstyre, kontrollutvalg og valgkomite. Ei endring av dette må opp i årsmøtet.

Vedtak: Hovedstyret går inn for èin vara i hovedstyret og ingen vara i kontrollutvalg og valgkomite.

Ny Lovnorm oppdatert 21.01.2026 godkjent med ovanforståande endring.

Sak 9: Sette dato for årsmøtet

Gregor innleda til saken

Vedtak: styremøte med gjennomgang av rekneskap med Hans: tysdag 17.feb kl 19.30 – 21.30

Årsmøte på Turistheimen torsdag 19.mars 19.00 – 21.00

Sak 10: Honorar til Kontrollutvalget?

Gregor innleda til saken

Alle tre i kontrollutvalget gjev seg nå, og det er litt utfordrande å finne nye medlemmar sidan dei må ha kjennskap til rekneskap. Skal vi tilby lønn, sidan dette er eit litt spesielt verv?

Vedtak: Enstemmig nei.

Sak 11: Pris på utleie/utlån av høgtalar/hengar

Gregor innleda til saken

Skal vi leie/låne ut høgtalarar/hengar?

Vedtak: Enstemmig: ynskjer ikkje å drive utleie, men Gregor (styreleiar) bestemmer ved kvar enkelt gong det evt kjem spørsmål

Sak 12: Skal lønna til Hans og dagleg leiar regulerast frå 1.jan?

Gregor innleda til saken

DL gjekk ut medan dette vart diskutert.

Vedtak: Enstemmig ja, følgje lønnsveksten som blir satt utpå våren.

Sak 13: Kan styremedlemmar sitte berre eitt år?

Gregor innleda til saken

Pr i dag er alle verv for to år om gongen. Kan folk få sitte berre i eitt år?

Vedtak: Enstemmig: alle må velgast inn for to år, men etter det kan dei velge å berre sitte eitt år om gongen

Sak 14: Eventuelt

Ingenting

Signatur frå styret

Gregor Ingar Gjerdet

- Styreleiar -



Kathrine Brandsar

- Nestleiar -



Merete Dagsgard

- Sekretær -



Kjell Erik Galde

- Styremedlem -



Stine Leirmo

- Styremedlem -



Elin Stasviken Sperstad

- Dagleg leiar -

